

SNERTEN

Infoskriv frå Norsk Langeleikforum

Nr. 15
Desember 2017
Årgang 8



Kjære alle,-



Nylig leste jeg at den norske kulturskolen har 125 000 elever! Men hvor mange av disse får tilbud om opplæring i folkemusikk og - dans? Hvor bor de? Og hvor mange barn og unge har lyst til å bli bedre kjent med denne delen av den norske kulturarven?

Rådet for folkemusikk og folkedans er opptatt av om kulturskolen oppfyller kravet om "mangfold og fordjupning" - og om den yngre generasjonen blir mulighet til å bli kjent med vår rike folkemusikktradisjon - slik at de etter hvert kan overta og forvalte denne delen av den immaterielle kulturarven. Jeg tenker at det kan være både interessant - og viktig å få vite mer om hvor i landet det tilbys kurs i langeleik, og hvor mange som melder seg på, og om fordelingen mellom kjønn. For det har slått meg - at svært ofte - så sitter det en enslig gutt bland mange jenter rundt et bord der leiken er nystemt og klar for gamle og nye låtter. Mulig jeg tar feil?

Det nærmer seg et nytt år. 2017 har rommet mange fine aktiviteter. I hovedstaden samles vi fortsatt annenhver tirsdag i Nordahl Bruns gate. På Kongsberg møtes de fast på torsdager, Gjøvik Spelemannslag har markert 40 års jubileum med konsert og fest, Oddrun Hegge fikk Nord-Aurdal kommunes kulturpris, i Hallingdal var det høstsamling for unge folkemusikere, og i november inviterte Norsk Langeleikforum til musikkhelg på Sentralen (gamle Christiania Bank) i Oslo. Det gjør vi gjerne igjen!

Ekstra morsomt er det å kunne fortelle at forumets nyestablerte stipend, for unge musikere, ligger klare for utdeling. Stipendkomitéen har behandlet søknadene, og selve stipendet blir delt ut under "Klangen før fela" helgen 9. - 11. februar på Riksscenen.

Og det er mye mer å glede seg til i neste års "Klangen". Sjekk ut et spennende program - både på scene og i øvingshotellet.

Merk dere også at Norsk Langeleikforum har valgt å legge årsmøtet til denne søndagen. Innkalling kommer!

Med dette ønsker jeg dere en riktig koselig julehøytid og et nytt år av det aller beste slaget!

Med hilsen fra Lisbeth,

som helt på tampen minner om at Norsk Langeleikforum har opprettet en VIPPS-konto. Heretter blir det langt enklere å få betalt kontingenget!



Langeleikgruppa i Gjøvik spelmannslag

Siste helga i november feira vi 40-års jubileum for Gjøvik spelmannslag. Her kjem eit tilbakeblikk med fokus på langeleiken. Lagshistoria vår starta med samspel mellom felespelarar. Hilding Sponberg og Kjell Stokke (1935-2015) starta, og etter kvart kom andre med. Gjøvik Spelmannslag vart stifta på konstituerende årsmøte 13. desember 1977 på Syljutun, heimen til Kjell Stokke, og laget hadde nå 9 medlemmer. Laget vart medlem i Landslaget for Spelemenn 21.01. 1978. I dag har laget 60 medlemmer.

Året etter kom folkemusikkseminaret på Tranberg med emnet Folkemusikktradisjoner i Vestoppland. Forelesarar var dei beste som kunne skaffast: Egil Bakka frå Rådet for Folkemusikk og Folkedans, Reidar Sevåg frå Folkemusikkarkivet ved Universitetet i Oslo og Leif Løchen frå De Sandvigske Samlinger på Lillehammer. Ein vart samde om å sette i gang ein aksjon i Gjøvikdistriktet for å finne det som var igjen av folkelege tradisjonar i spel og dans. Både Folkedanslaget og Spelmannslaget deltok i dette arbeidet, og i 1980 var innsamlingsarbeidet godt i gang. Ein gjorde opptak og skreiv ned slåttemusikk frå tverrdalane rundt Mjøsa.

Starten på langeleikhistoria vår var at vi fann rundt 20 ulike langeleikar på innsamlingsturane. Den eldste var hos Petter Hasvoldseter (1928-20012) i Vibergsroa. Langeleiken har innskore årstallet 1524 og hang stemt på veggen. Petter Hasvoldseter hadde langeleikspel i ubroten tradisjon som den einaste i distriktet, og hans gamle langeleik er også den eldste som hittil er registrert i landet. Alle dei gamle langeleikane vi fann vart nøyaktig oppmålt og avteikna av Leif Løchen fra De Sandvigske Samlingene på Lillehammer.

Resultatet av dette innsamlingsarbeidet vart at i samarbeid med Friundervisningen og med Leif Løchen som lærar kom det første bygge- og spelekurs for langeleik, 17 nye instrument vart laga og 20 deltakrar var med på spelekurset. Det var stor interesse for langeleikkursa, og i åra framover har vi nesten årleg hatt bygge- og spelekurs. Skuleklasser har og bygd seg langeleiker på sløyden.

På Vestopplandsstemnet i 1985 var det utstilling med gamle og nye langeleiker på Gjøvik Gård, over 100 til sammen, eit resultat av innsamling og bygging.

I 1982 fekk vi langeleikgruppe i laget, som følgje av den store oppslutninga på spelekursa. 10 medlemmer møttest kvar 14.dag til øvingar i Drengestua på Gjøvik Gard, og året etter vart Leif Arne Bakke leiar i langeleikgruppa. Seinare har Svein Arne Mæhlum vore leiar i gruppa. Det finnst visst eit referat frå eit årsmøte tidleg på 80-talet der det vart drøfta om "langeleikarane" skulle vera fullverdige medlemmer i laget, og vi vart neit !

Frå 1982 til 1984 var det opptak med NRK, folkemusikkavdelinga v/Lise Halvorsen på Gjøvik Gard. Langeleikgruppa deltok, og på landskappleiken i 1983 på Kongsberg hadde laget intimkonsert på Lågendalen Museum; eit ærefullt oppdrag!

Interesse for bygge- og spelekursa for langeleik varte ved. Det fjerde kurset var i gang med 15 deltakarar. Etter kvart kom Sverre Jensen med teikningar av harpe, og han har også teikna ein del av dei ulike langeleikane våre.

I 1983-84 var vi med på opptak i store studio i NRK til programmet Nyårsmøte med folkemusikk, fele, langeleik og Toradersnerten.

1984 var fyrste sumaren langeleikgruppa deltok på kappleik, og dette var på lokalkappleik for Vestoppland og på distriktskappleiken i Heimdal. Gruppespel på langeleik er nå heilt nytt i kappleiksammenheng, og gruppa hentar heim gode resultat med 1. og 2. premie og mykje fin omtale. Landskappleiken på Otta i 1985 er ein milepæl for langeleikgruppa. For fyrste gong stilte vi på landskappleik, og både enkeltmedlemmer og gruppa samla deltok i tevlingane med gode plasseringar. Fram til i dag har vi delteke på mange kappleikar, både med enkeltutøvarar og som gruppe.

Same året var vi med på NRK-opptak til folkemusikkhalvtimen og med langeleikspel på møte i Norsk Folkemusikkklag i Oslo. Då Elisabet Kværne ga ut plata På langeleik, deltok vi med langeleikspel i Hennie Onstad Senteret og på Fagernes. Gjøvik feira 125 års jubileet sitt dette året med utstilling og konsert i Konserthuset i Oslo, og det var i dette høvet at Eva Nyset prøvde å lære Albert Nordengen å spele langeleik -utan at Eva visste at ho gav ordføraren i Oslo innføring i langeleikspel !

Noko som har betydd uendeleg mykje for laget er at etter avtale med Eiktunet Museum får laget nye øvingslokaler i Tingbygningen på Hunn. Laget har lagt ned mykje arbeid i oppussing og istandsetting av romma, og i 1986-87 har laget Tingbygningen på Hunn som fast øvingslokale for alle gruppene.

Til 10-års jubileet blir det laga bok; Nytt liv i gamle toner. Boka inneheld innsamla stoff om spelemenn frå distriktet og notar til innsamla musikk. Boka er å få tak i, og her finn du heile historia om innsamlinga av instrumenta og om spora etter langeleikspel i vårt område. I tillegg til Petter Hasvoldseter har vi tradisjonsbæraren Hallvard Rudsengen med sin spesielle spelestil.(f. 1930). Arne Myhrvold (1908-1969) og far hans, Nikolai Myhrvold (1861-1940) spelte langeleik, og etter dei har vi mange slåttar. Meir stoff om desse og andre an vi lesa i boka. Dette var eit stort dugnadsarbeid med Kjell Stokke som primus motor. Gjennom boka fekk vi gjort innsamla stoff kjent i distriktet.

Desse 10 fyrste åra har sett tonen for lagsarbeidet framover, og i dag kan vi sjå tilbake på ein levande tradisjonsmusikk frå tverrdalane ved Mjøsa, vi har aktive byggegrupper, fele, torader og langeleikgruppe og enkeltutøvarar som saman og kvar for seg representerer musikken vår. I juni 1990 var det opptak frå NRK som resulterte i 2 TV- program, Erik Østby hadde regien og Kjell Stokke var programleiar. Programma heiter Nytt liv i gamle toner og ligg tilgjengeleg på nettsidene til NRK.

Vi er takksame for arbeidet som Kjell Stokke har lagt ned for innsamlingsarbeid, speleopplæring, byggekurs og entusiasme. Vi har også låttar i tradisjon vi lærte av Petter Hasvoldseter. Det er eit stort sakn og gode minne etter desse to.

Gjennom åra har vi hatt utallige kurs her. Langeleikspelet har også ført oss ut over landegrensene, gruppa har reist med langeleikane sine til USA, Vilnius, Italia, Sverige og Danmark. Her heime har vi nytt godt av samarbeid med spelemenn og kvinner frå Valdres; Gunvor Hegge, Ingar Ranheim og Elisabet Kværne var og er gode lærarar å ha for langeleikgruppa. Så er vi heldige som har leiaren vår dei siste 10 åra, Marit Steinsrud, i gruppa vår. Marit er eit ja-menneske som villig deler og inspirerer oss med sitt gode, fine spel både i tradisjon og med blikk for nyskaping, også gjerne i samklang med andre instrument.



Hamborger etter Nikolai Myhrvold

Etter Vardal bygdebok

Hamborger etter Nikolai Myhrvold

The image contains two musical score snippets. The top snippet is for a single instrument and includes a title 'Hamborger etter Nikolai Myhrvold' and a note 'Etter Vardal bygdebok'. It features a staff with various rhythmic patterns and rests. The bottom snippet is for a band and also includes a title 'Hamborger etter Nikolai Myhrvold'. It shows a grid of notes with letter and number subscripts indicating specific fingerings or techniques.

/*Nå er vi 8 til 12 aktive som møtest kvar onsdag på Hunn, og vi prøver oss stadig på nye låttar og held repertoaret ved like. Rekruttering er alltid viktig, og nå er det fire småjenter som går og lærer. Vi har ein annan tradisjon enn enkeltutøvarar som har vidareført tradisjonsspel etter øyret slik som ein har tradisjon for til dømes i Valdres.

Då langeleiklåttar vart skrivne ned her brukte Kjell Stokke notasjon frå salmodikonsystemet med tal. Kjell Stokke transkriberte også stoff frå felenotar til talnoter og la til andrestemme på ein del låttar, og han komponerte også nye låttar.

Alt vi har av låttetilfang er skreve ned med tal, vi har vel rundt 220 nedskrivne låttar. Dei kjem herifrå, frå Valdres, frå Telemark og frå Gubrandsdalen og litt engelsk, mykje er gamalt stoff og noko er nykomponert. I dag er også opptak på mobil blitt eit nytt hjelphemiddel. Vi har ein del speleoppdrag lokalt, og vi spelar saman med fele, torader, fløyte, harpe, muniharpe og munnspel av og til. Dei siste tiåra har vi vore med på Middelalderdagane på Hamar, og i mai kvart år har vi Musikkveka der du kan melde deg på spelekurs.

Det siste samspelprosjektet vårt var i haust på Lillehammer og Gjøvik. Stein Villa hadde komponert eit stykke bygd på Halling frå Vardal, springar etter Amund Fosnes og Kjøp planter og sett kål, som gruppene i laget spelte saman med Simfoinetta Innlandet og vokalist Mari Midtli, ei ny og gjevande oppleveling.



Marit Steinsrud

Jubileumsfesten vår i haust opna med langeleikspel, så var det god mat, og etter kvart taler, meir spel på ymse instrument, meir taler og leiaren tok oss med på ei 40-års historie med takk til dei som takkast skulle. Vi fekk takka Marit og så var det meir spel, dans og prat. Det lykte fint frå alle rom i den gamle tingbygningen vår langt uti novembernattat.

)



Leif Arne Bakke og Svein Arne
Mæhlum

Tekst og foto: Gudrun Havro

«TONEN» ved Skien Kirke



Utenfor Skien kirke er Dyre Vaas skulptur "TONEN". Skulpturen er en bronsefigur av en langeleikspillende kvinne. Hva er bakgrunnen for denne skulpturen? Ved nærmere undersøkelser finner vi ut at skulpturen er laga som et minnesmerke over Abraham Hvidsten.

Abraham Hvidsten (1878 - 1944) var organist og en sentral skikkelse i musikklivet i Skien. Han ble født i Sem i Vestfold og tok organisteksamen i 1895. I 1897 ble han organist i garnisonskirken i Horten før han overtok som organist i Skien i 1901. I tillegg til å være fast organist i Skien kirke ble han leder og dirigent for Skiens Musikkforening og Bymusikken i Skien. Han var også dirigent og leder av Skien Mannssangforening og av Ynglingeforeningens kor (senere KFUM-koret). Ved Skien Latinskole dannet han eget kor og orkester som holdt årlege konserter fra 1909 til 1941 da krigen satte en stopper for foreningsarbeidet.

Abraham Hvidsten komponerte og arrangerte flere sanger og musikkstykker blant annet kantaten «Vår». Han har også satt melodi til «Skienssangen» med tekst av Bjarne Olaussen.

Skulpturen ble avduka i 1947.

Kilde: https://no.wikipedia.org/wiki/Abraham_Hvidsten

Norsk og afrikansk på Lått og Leven

I november i fjor fikk barn og voksne besøk av Ingrid Fossum fra Valdres og Festus Mwenda fra Kenya på Øystre Slidre Folkebibliotek. Ingrid viste frem og spilte noen låtter på langeleiken – blant annet fortalte hun den spennende fortellinga om Raudalsuksin og spilte deretter låtten. Dansedokkene fikk selvfølgelig også svingt seg. Deretter fikk hun med seg Festus på afrikansk tromme (djembe), og slagene fra tromma gjorde at Amalielåtten ble enda mer skummel og mystisk. Alle som ville fikk kjenne på hvordan det var å slå på en djembe. Etter litt musikk ble langeleiken lagt tilbake i kassa, og små og store fikk prøve seg på litt afrikansk dans sammen med Festus. Nesten hele rommet svingte seg etter de afrikanske rytmene, som ble en fin avslutning på opplegget.

Ingrid Fossum



Samling på Prestfoss

Buskerud Folkemusikklag arrangerer kvart år barne- og ungdomssamling på Prestfoss. Målgruppa er fra 7 til 18 år og samlinga var 11.-12. november.

Barne- og ungdomssamlinga har gledeleg nok teke seg merkbart opp dei to siste åra, og Buskerud folkemusikklag og Folkemusikkcenteret i Buskerud jobbar aktivt for ei fortsatt god oppslutning om arrangementet. I forarbeidet ligg blant anna tilbod til grunnskulane om Folkemusikkverkstad rundt om i fylket, der elevane får kjennskap til folkemusikk-instrument, sang og dans i møte med dyktige instruktørar. Dette er ein god innfallsvinkel og dørpnar for å delta på den årlege Barne- og ungdomssamlinga.



I år fekk alle 39 deltagarane, i tillegg til sin hovudaktivitet i kveding, spel og dans, prøve langeleik, lur og bukkehorn. Det var Oddrun Hegge og Trond Vetterstad som demonstrerte og rettleia i prøvinga som vart godt motteke. Få hadde hatt så nær kontakt med desse instrumenta frå før, og kven veit, – kanskje det er ei spire for å rekruttere til langeleikgruppa på Kongsberg?



Tekst og foto: Oddrun Hegge og Åshild Wetterhus

Ungdomsportrett: Ingeborg Onstad



Framsidebiletet på dette nummeret av Snerten viser Ingeborg Onstad frå Øystre Slidre som spelar som oppvarming til Solefallskonserten med Odd Nordstoga på Jaslangen sommaren 2017.

Ingeborg kjem frå ein musikalsk familie og har i fleire år fått undervisning innanfor mange disiplinar gjennom kulturskulen. Som 13-åring er ho allereie i ferd med å få seg eit namn i musikklivet i Øystre Slidre. Dei siste åra har ho vore elev hjå Marit Karlberg der ho læре både tradisjonssang og langeleikspel. Marit gjev Ingeborg gode skussmål.

Ingeborg utmerkar seg med ei fin stemme, god rytmesans, og evna til å gje alt på scena, seier Marit. Ho lærer å akkompagnere seg sjølv med langeleiken. Etterkvart har ho og blitt ivrigare på å lære seg tradisjonelt slåttespel på langeleik. No om dagen brukar vi ein del tid på å lære stemming av leiken, i tillegg til song/langeleikarrangement til ulike type songar frå den vokale tradisjonen i Valdres.

Ingeborg er ei jente med mange jern i elden, men eg håpar ho held fram med å fordjupe seg i folkemusikktradisjonane våre. Mottoet for opplæringa er at ein må apa for å kunne skapa. Grundig fordjuping i ein sjanger som folkemusikken gjev ei flott reiskapskasse i arbeidet med musikken. Og det å bli kjend med andre barn og unge i folkemusikkmiljøet gjev tryggheit, glede og langsiktig inspirasjon, avsluttar Marit.

NLF ynskjer Ingeborg lykke til vidare med langeleiken og folkemusikken!

Langeleikspelarar i kulturskulen

På bakgrunn av tema Lisbeth tek opp i leiren denne gongen, har vi stilt nokre spørsmål til langeleikelevar i kulturskulen i Øystre Slidre.

Mali Roland

8 år



Kvifor valde du å søkja på instrumentet langeleik i kulturskulen?

Bestemor hadde ein langeleik som ho spelte på. Eg fekk lyst til å lære fordi eg syntest det let fint.

Kor lenge har du spelt?

Eg har spelt i to og eit halvt år.

Kva er det finaste ved å spela langeleik?

Eg synest det er moro å spela, og så får eg trenna fingrane mine.

Har du fått spela for publikum nokon gong?

Ja, eg har spelt på to konserter og nokon gonger for dei eldre på Moatunet der oldemor mi er.

Inga Thon Rogne

13 år



Kvifor valde du å søkja på instrumentet langeleik i kulturskulen?

Det starta med eit besøk på skulen der vi fekk høyre fleire folkemusikkinstrument. Eg syntest det var fint med langeleik, og så har eg ei tante som spelar, så eg lærde litt av henne før eg begynte i Kulturskulen.

Kor lenge har du spelt?

Eg begynte då eg gjekk i 2. klasse, då var eg 6 - 7 år

Kva er det finaste ved å spela langeleik?

Eg synest det er moro å spela og fint å høyre på. Og så er det veldig moro å vera med på Strunkeveko.

Der treffer eg andre ungdomar som spelar langeleik, og det er inspirerande.

Kva er den største opplevinga du har hatt med at du spelar langeleik?

Det må vera då vi vart nr 3 i gruppespel på Landskappleiken på Røros i sommar.

Kvifor trur du det er så få guitar som spelar dette instrumentet?

Åh, det var vanskeleg å svara på. Eg har eigentleg ikkje peiling på det!

Borghild Håvarsdotter Dalbø
15 år



Kvifor valde du å søkja på instrumentet langeleik i kulturskulen?

Eg var på ein konseret med mamma der eg høyrd langeleik. Så då lurde eg på om eg kunne lære å spela dette kule instrumentet.

Kor lenge har du spelt?

Eg har spelt i sju – åtte år.

Kva er det finaste ved å spela langeleik?

Det finaste er å vidareføre tradisjonane. Det er også hyggeleg å spela saman med andre. Det gjev inspirasjon.

Kva er den største opplevinga du har hatt med at du spelar langeleik?

Det er alltid moro å hevda seg i toppen på kappleikar. Det var spesielt moro å vinne klassa mi på Landskappleiken i 2016. Å gjera det bra på landskappleiken saman med andre er også gode opplevingar.

Kvifor trur du det er så få gutar som spelar dette instrumentet?

Kanskje fordi dei ser på langeleiken som eit gamalt og litt sært instrument. Men det kan også vera ei utfordring for enkelte gutar å spela på eit såpass skjørt instrument.

Storhelg i Hallingdal



20.-22. oktober ble det arrangert Storhelg i Hallingdal. Da var 70 ungdommer fra seks fylker samlet til kurs på dagtid, og konserter, dans og moro om kvelden. Fire flinke langeleikelever var med på kurset, og fikk både lære nye låtter og være med og lage arrangement og andrestemme til noen låtter. Deltagerne var Borghild Dalbø, Andrea Søgnen, Eirin Lilleslett og Amelia Gomez Snerte, med Ingrid Lingaas Fossum som lærer. På søndag

deltok alle kursdeltagerne på en konsert, der langeleikjentene bidro med molsk stemning. De fremførte Gjendines Bådnålått, med andrestemme laget av Borghild og Andrea, og Amalielåtten. Det ble en fin helg fylt av spel, dans og moro! Vi gleder oss til å høre mer flott spel fra disse langeleikjentene i fremtiden.

Ingrid Fossum



Innkalling til årsmøte i Norsk Langeleikforum 2017

11. februar 2018 – Riksscenen - etter Klangen før Fela

SAKLISTE – Årsmøte 2017

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2: Val av ordstyrar, val av referent og tellekorps

Sak 3: Registrering av dei med stemmerett og fullmakt

Sak 4: Årsmelding

Sak 5: Rekneskap

Sak 6: Fastsettjing av medlemspengar

Sak 7: Val av leiar, styremedlemmer, varafolk, revisor og valnemnd

Sak 8: Arbeidsplan

Sak 9: Budsjett

Sak 10: Innkomne saker

Velkommen

- KLANGEN FØR FELA -

Kurs i kveding, munnharpe, langeleik, harpe, lyre, lur og bukkehorn

I samarbeid med Riksscenen arrangerer vi kurs, konserter og andre aktiviteter
9. - 11. februar 2018

Det undervises på flere nivåer i kveding, munnharpe og langeleik

Lur- og bukkehornkurset krever grunnkunnskap, f.eks. som messingblåser på korpsnivå

Det undervises på lur og munnharper med grunntone G

Noen lurer, munnharper og langeleiker kan lånes på kursene, instrumenter også for salg

Påmelding via www.deltager.no/kff2018 innen 25. januar 2018

Ikke-medlem 725,- / Medlem 525,- / Studenter 425,-

Prisen inkluderer billettavgift

Barn u. 12 år i følge med foreldre gratis


Mer kursinformasjon og program for helgen finner du på Facebook og på våre hjemmesider

www.munnharpe.no

www.lurogbukkehorn.org


www.langeleikforum.no

www.kvedarforum.no



RIKSSCENEN
Schous Kulturbryggeri, Trondheimsveien 2

Støttet av
Norsk kulturråd
Stiftinga for folkemusikk og folkedans
Fritond-Norsk musikkråd



Norsk Langeleikforum ynskjer alle ei GOD JUL!

Heimeside:

www.langeleikforum.no

facebook: [Norsk langeleikforum](#)

e-post: langeleikforum@gmail.com

Medlemspengar 2018: 200 kr

Kontonr. 1503.14.71807

Hugs medlemspengane for 2018!